



Fellesnemnda for
Nye Voss kommune
Nye Ullensvang kommune
Nye Øygarden kommune
Alver kommune
Bjørnefjorden kommune

Fellesnemnda og fråsegn til kommunane sine budsjett og økonomiplanar

Med heimel i inndelingslova § 26 skal fellesnemnda gi fråsegn til departementet om årsbudsjettet for 2018 m/økonomiplan og årsbudsjettet for 2019 m/økonomiplan, slik dei er vedtekne av kommunestyra i kommunane i samanslåinga. Fylkesmannen er mottakar av fråsegnene frå fellesnemnda om årsbudsjett og økonomiplan for kommunane etter delegeringsvedtak av 10. 03. 2017.

Fellesnemnda skal vidare ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk, det vil seie budsjettet for 2020 m/økonomiplanen for 2020 - 2023 for den nye kommunen.

Fylkesmannen ber om å få tilsendt fråsegn etter at kommunestyra har gjort vedtak for budsjettet for 2018 og økonomiplanen for perioden 2018 - 2021. Det er viktig at fellesnemnda i fråsegna legg vekt på:

- at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen
- vurdere om dei vedtekne investeringane er i samsvar med framtidige behov for tenester og at investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen. Det er viktig at den nye kommunen har eit solid økonomisk handlingsrom for å innfri forventningane dei første driftsåra.

Frist for å gi fråsegn for budsjettet for 2018 og økonomiplanen for 2018 - 2021 er innan 01. februar 2018.

På grunnlag av kommunane sine budsjett og økonomiplanar tilrår vi at fellesnemnda så tidleg som mogleg startar arbeidet med å førebu budsjett for den nye kommunen. Det er viktig at fellesnemnda er godt førebudd til å utarbeide eit framlegg til budsjett og økonomiplan for perioden 2020 - 2023.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Håvard Rød
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.